

Uskedeling jobbar for butikk i Tyssedal

17.02.2010

Uskedelingen Tommy Røssland, som eig eit huskompleks som skal nyttast til asylmottak i Tyssedal, arbeider også for etablering av ein butikk på staden. Det har lenge vore eit ynskje frå tyssedølane om igjen å få ein'butikk i bygda.

Ynskjete har vorte forsterka i samband med etableringa av asylmottaket.

Dagleg leiar i asylmottak-selskapet LOPEX Vest Hroar Espeland seier til Hardanger Folkeblad at dei nærmast har lova butikk og at det skal bli butikk. Han håpar på JOKER.

LOPEX leigar Mjølstølsvegen 5 av Røssland - eller rettare av Tyssane AS som Røssland eig. Også han har vore og er ein pådrivar for ein butikketablering og har vore i kontakt med fleire kjeder for å få det til, skriv avisa. Men så langt har det ikkje vore så enkelt. Lokala er ikkje så store som dei store kjedene ynskjer. Men det er etablert kontakt med Kjøpmannskjeden som vil etablere seg mot at klargjeringa blir bekosta lokalt.

- Vi klarer ikkje å løysa den økonomiske kabalen åleine. Det må bli eit spleiselag mellom eigaren av det tidlegare ssmfunnshuset, kommunen og meg, sier Røssland.

Asylmottaket leigar kontorlokaler i det tidlegare samfunnshuset og det er her også JOKER eventuelt skal inn - på 200 kvadratmeter. Alternativt kan det bli aktuelt med ei enklare løysing.

Av Ola Matti Mathisen